

# Årsmelding 2019

Helse Bergen HF  
Haukeland universitetssjukehus



## Om verksemda

Helse Bergen HF, Haukeland universitetssjukehus, er regionsjukehuset på Vestlandet og skal dekkje dei behova befolkninga har for lokale, regionale og utvalde nasjonale spesialisthelsetenester. Behova skal dekkjast uavhengig av kjønn, alder, etnisitet og religion. I tillegg skal helseføretaket leggje til rette for forsking, utdanning av helsepersonell og opplæring av pasientar og pårørande.

Helse Bergen HF ligg i Vestland fylke og vart oppretta som helseføretak i desember 2001. 18 kommunar høyrer til i Helse Bergen sitt føretaksområde, med ein samla befolkning på omkring 450.000 menneske. Hovuddelen av verksemda skjer innanfor Bergen kommune, i tillegg er det einingar i kommunane Voss, Bjørnafjorden, Alver og Øygarden.

Helse Vest RHF (regionalt helseføretak med orgnr. 983 658 725) har det overordna ansvaret for spesialisthelsetenesta i Rogaland og Vestland fylke. Det er Helse Vest RHF som eig Helse Bergen HF.

Oppgåvane Helse Bergen skal ivareta blir kvart år definerte i eit oppdragsdokument som blir utarbeidd av Helse Vest RHF. Helse Bergen er forplikta til å levere på denne bestillinga innanfor dei gjeldande økonomiske rammene.

## Leiing og styring

### Styret

Styret i helseføretaket i 2019:


Svein Gjedrem	Leiar	Mona Haugland Hellesnes	Medlem
Signy Midtbø Riisnes	Nestleiar	Marianne Sæhle*	Medlem
Per Karlsen	Medlem	Irene Hopsdal	Medlem
Rolf Martin Tande	Medlem	Karen-Anne Stordalen	Medlem
Bjørn Østbø	Medlem	Geir Arne Sunde	Medlem
Anne-Margrete Bollmann	Medlem		

*Arvid Langeland gjekk ut av styret 1. mars 2019 og vart då erstatta av Marianne Sæhle.*

Det har i 2019 vore to føretaksmøte, åtte styremøte, to felles styreseminar saman med alle styra i Helse Vest og eitt styreseminar/synfaring med styret i Helse Vest RHF.

## Organisasjonskart

Helseføretaket er organisert i 28 klinikkar, avdelingar og divisjonar, inkludert Voss sjukehus som er organisert som ei eiga eining på nivå 2.



## Strategi og utviklingsplan

Gjeldande **strategiplan for 2017-2022** vart vedteken av styret i 2017. Planen har fire hovedoverskrifter:

- Pasientperspektivet i alt vi gjer
- Dyktige, engasjerte og involverte medarbeidarar
- Openheit om prioriteringar
- Forsking, innovasjon og utdanning som utviklar tenestene

Styret vedtok **Utviklingsplan 2035** i september 2018. Utviklingsplan 2035 viser kva for prioriteringar sjukehuset skal gjere den neste langtidsperioden, og vil vere grunnlag for den jamlege revideringa av drifts- og investeringsbudsjettet.

Utviklingsplan 2035 byggjer i hovudsak på fire sentrale dokument: Gjeldande Nasjonal helse- og sjukehusplan, Helse2035, Tiltaksplan til Helse2035 og Strategi 2017-2022 for Helse Bergen HF.

I planen blir det peika på 13 grep for å skape pasientane si helseteneste og for å møte behovet for helsetenester fram mot 2035. Utviklingsplanen må setjast i verk gjennom ulike handlingsplanar og andre føringar for drifta av helseføretaket.

## Pasientbehandling

Føretaket har som mål å gi eit heilskapleg og individuelt tilpassa tilbod til pasientar og pårørande, sikre effektiv organisering av pasientretta arbeid og gi behandling av høg internasjonal kvalitet.

Helse Bergen HF gir tilbod innanfor psykiatri, tverrfagleg spesialisert rusbehandling, rehabilitering og somatiske helsetenester innanfor sitt opptaksområde. I tillegg er ei rekke nasjonale og fleirregionale behandlingstenester lagde til Helse Bergen. Nokre døme er dei nasjonale behandlingstenestene for avansert brannskadebehandling og elektiv hyperbar oksygenbehandling og den fleirregionale tenesta for leppe-kjeve-ganespalte.

Regionsjukehuset er i stadig utvikling og tek på seg nye roller og ny verksemd. To døme er etablering av regional AMK-LA-funksjon og overtaking av verksemda til Stiftelsen Bergensklinikkene.

I mai 2019 vedtok styret i Helse Vest RHF å leggje all varsling og koordinering av luftambulansetenesta (AMK-LA-funksjon) i regionen til Helse Bergen. R-AMK-funksjonen i samband med dette vart flytta til AMK Bergen. Det vart etablert eit mottaksprosjekt som hadde som hovudmål å gjennomføre ei forsvarleg overføring av desse funksjonane, og i februar 2020 vart det oppstart for den regionale AMK-LA i Bergen.

Helse Bergen overtok hausten 2019 verksemda til Stiftelsen Bergensklinikkene. Overtakinga vart gjort etter at det kom ei formell førespurnad frå stiftinga i september, som då var komen i en situasjon der vidare drift ikkje ville vere finansielt berekraftig utan samarbeid med ein annan aktør. Det vart undersøkt om det ville vere mogeleg å integrere verksemda til Bergensklinikkene i føretaket, mellom anna med omsyn til ulike juridiske aspekt, samt forhold knytt til økonomi, tilsette/arbeidsmiljø, IKT-portefølje med meir.

I ekstraordinært styremøte den 1. oktober fatta så styret vedtak om å inngå avtale med Stiftelsen Bergensklinikkene om overdraging av verksemd og aksjar. Ei overordna målsetting

med integrering av verksemda til Bergensklinikken var å sikre eit kontinuerleg tilbod til pasientane, ivaretaking av dei tilsette og det sterke fagmiljøet/kompetansen dei representerer. Overdraging av tilsette, verksemd og aksjar vart i all hovudsak utført som planlagt og i tråd med den avtalen som vart inngått mellom partane og den transaksjonsmodellen som vart utarbeidd.

## Somatisk sektor

Den somatiske aktiviteten går føre seg i 17 ulike klinikkar og avdelingar. Radiologisk avdeling, Laboratorieklinikken og Kirurgisk serviceklinik leverer medisinske støttetenester.

Samla sett er aktiviteten i år høgare enn i fjor (tabell 1), og ein har behandla om lag 7 000 fleire unike pasientar. Føretaket har hatt ei klar dreiling i aktivitetsmønsteret frå døgn til dag/poliklinikk dette året. Det skuldast både omlegging i registreringspraksis for korte opphold med permisjon til dag/poliklinisk registrering dag for dag, samt overtaking av Skadepoliklinikken i april 2018.

**Tabell 1: Aktivitet og DRG-poeng for somatisk sektor i perioden 2017-2019**

Sykehusopphald	2019	%-vis endring 2017-2019	2018	2017
Døgnopphald	67 156	-4,4 %	67 725	70 231
Dagopphald	25 868	16,6 %	24 007	22 187
ISF-berettiga polikliniske konsultasjonar**	543 227	15,2 %	519 081	471 705
Liggedøgn	269 184	-9,0 %	279 022	295 904
DRG-poeng i samsvar med eigaransvar*	144 985	6,2 %	140 895	136 579

\*DRG-poeng er ekskl. utanlandske pasientar og raskare tilbake

\*\* eksklusiv raskare tilbake

Definisjonar jmf. Aktivitetsbarometeret f.o.m 2017

## Tverrfagleg spesialisert behandling for ruslidinger (TSB)

Avdeling for rusmedisin (AFR) har koordineringsansvaret for TSB i opptaksområdet for Helse Bergen, og vurderer alle tilvisingar til TSB for å sikre gode forløp for pasientane og optimal utnytting av samla behandlingskapasitet. I tillegg til eigne behandlingstilbod, brukar AFR offentlege og private behandlingsplassar i og utanfor Helse Vest. Frå desember i fjor overtok helseføretaket verksemda til tidligare Bergensklinikken.

AFR har hatt høgare aktivitet i år enn i fjor (tabell 2) når det gjeld den polikliniske verksemda. Avdelinga hadde også fleire DRG-poeng enn i 2018. Det skuldast i hovudsak at LAR-behandlinga går meir i retning av behandlingsaktivitet, og noko mindre rein medikamentutlevering. Det er i tråd med ønska utvikling om ei meir heilskapleg oppfølging av pasientane i LAR. Talet på unike pasientar som vart handsama i AFR var om lag på same

nivå i 2019 som året før.

**Tabell 2: Aktivitet og DRG-poeng for tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) i perioden 2017-2019**

Sykehusopphald	2019	%-vis endring 2017-2019	2018	2017
Døgnopphald	502	34,2 %	491	374
Dagopphald	9		6	1
ISF-berettiga polikliniske konsultasjonar	65 656	14,1 %	62 143	57 520
Liggedøgn døgnbehandling	16 850	-9,7 %	18 044	18 665
DRG-poeng i hht eigaransvar	9 662	3,8 %	9 011	9 310

Liggedøgn døgnbehandling er inklusiv permisjonsdøgn

Aktiviteten i tidlegare Bergensklinikkenne inngår ikkje i tala for 2019

Definisjonar jmf. Aktivitetsbarometeret

## Psykisk helsevern

Divisjon for psykisk helsevern har tenestetilbod til både vaksne og barn og unge, og samarbeider tett med dei private, ideelle aktørane innanfor spesialisthelsetenesta i psykisk helsevern i opptaksområdet til Helse Bergen HF.

**Barn og unge** med psykiske lidingar får tenester frå Klinikk psykisk helsevern for barn og unge (PBU), som har sju desentraliserte barne- og ungdomspsykiatriske poliklinikkar. PBU leverer i tillegg ambulante tenester, døgntilbod, spesialpoliklinikk og konsultasjonsteam, som held til i det nye Barne- og ungdomssjukehuset på Haukeland.

I Psykisk helsevern for barn og unge (PBU) har den polikliniske aktiviteten (tabell 3) vore litt lågare enn i 2018, sjølv om talet på unike pasientar har auka litt. Nedgangen i aktivitet har likevel ikkje gitt seg negativt utslag i DRG-poenga.

**Tabell 3: Aktivitet og DRG Psykisk helsevern for barn og unge (PBU) i perioden 2017-2019**

Sykehusopphald	2019	%-vis endring 2017-2019	2018	2017
Døgnopphald	365	2,8 %	372	355
Dagopphald	33	-47,6 %	42	63
ISF-berettiga polikliniske konsultasjonar	60 452	1,1 %	60 603	59 803
Liggedøgn døgnbehandling	6 626	12,6 %	6 138	5 882
DRG-poeng i hht eigaransvar	20 235	7,2 %	20 261	18 875

Liggedøgn døgnbehandling er inklusiv permisjonsdøgn

Definisjonar jmf. Aktivitetsbarometeret

**Vaksne** med psykiske lidinger får tenester fra Bjørgvin distriktspsykiatriske senter (DPS), Kronstad DPS og Øyane DPS, som har ansvaret for akuttilbod, ambulante tenester, poliklinikk og døgntilbod i kvart sitt geografiske opptaksområde. I tillegg har divisjonen sentraliserte sjukehustenester som er organisert i Psykiatrisk klinikk med døgnplassar i Sandviken og på Haukeland. Klinikk for sikkerheitspsykiatri har også døgntilbod i Sandviken i tillegg til eit poliklinisk tilbod i Bergen fengsel.

I Psykisk helsevern for vaksne har aktiviteten (tabell 4) i år vore høgare enn i 2018. Det gjeld både for polikliniske pasientar og talet på døgnopphald, men døgnopphalda var i snitt litt kortare enn i fjor. Det er også behandla fleire unike pasientar enn året før.

**Tabell 4: Aktivitet og DRG psykisk helsevern vaksne for åra 2017-2019**

Sykehusopphald	2019	%-vis endring 2017-2019	2018	2017
Døgnopphald	2 950	7,3 %	2 782	2 749
Dagopphald	270	-8,8 %	562	296
ISF-berettiga polikliniske konsultasjonar	98 601	12,7 %	91 885	87 493
Laggedøgn døgnbehandling	72 223	3,4 %	72 806	69 816
DRG-poeng i hht eigaransvar	16 481	20,6 %	14 818	13 669

Laggedøgn døgnbehandling er inklusiv permisjonsdøgn  
 Definisjonar jmf. Aktivitetsbarometeret

## Pasienttryggleik og kvalitet

Systematisk arbeid med pasienttryggleik har vore høgt på agendaen i 2019. For å lukkast må ein både sette i verk tydelege rutinar på område med kjent risiko og ein må utvikle tryggleikskultur på alle nivå i organisasjonen. I 2019 har leiinga sørga for at arbeidet med pasienttryggleik er tydeleggjort i alle leiarmøte.

Det sentrale kvalitets og pasienttryggleiksutvalet har hatt fem møte i 2019, der ein i særleg grad har delt erfaringar for å understøtte læring og forbetring på tvers. I tillegg til føretaksleiinga deltek hovudverneombod og to brukarpresentantar i desse møta. Dei fleste nivå-2 einingane har no etablert faste møte i eigne utval for kvalitet og pasienttryggleik.


Administrerande direktør har hatt 15 pasienttryggleiksvisitter der han deltek i samtalar med helsepersonell i avdelingane om korleis dei jobbar i praksis og kva som kan gjerast for å styrke pasienttryggleiken.

Mange avdelingar har innført tavlemøter med dagleg gjennomgang av forhold der det kan være risiko for sviktande oppfølging. I tillegg har 92 % av sengepostane og 58 % av

serviceeiningerne (inklusiv poliklinikkane), tatt i bruk eller planlagt å ta i bruk «Det grøne korset» innan 1. kvartal 2020. Det grøne korset er eit enkelt verktøy som gir dagleg merksemd på uønskte hendingar, nesten-hendingar og forbetningsforslag. Dette gir auka merksemd på kvalitet, pasienttryggleik og HMS.

Den viktigaste indikatoren på pasienttryggleik i somatisk sektor er tal på pasientar med skader per 100 pasientopphold målt med Global Trigger Tool. Helse Bergen registrerte i 2018 eit betydelig fall i dette talet og det heldt seg på same nivå i 2019 (figur 1).

**Figur 1: Del opphold med skade målt med Global Trigger Tool (GTT).**



I 2019 er det sendt 28 varsel om uønskt hending med monaleg skade eller dødsfall til Helsetilsynet, jf Spesialisthelsetenestelova § 3-3A. Det er ein oppgang frå 2018 på 11 varsel. Oppgangen sjåast i samanheng med betre bruk av registreringsverktøyet Synergi ved varsling til Helsetilsynet, samt endring av varslingsrutinar ved suicidhendingar.

### Kvalitetsindikatorar

Oversikten viser status for nokre sentrale kvalitetsindikatorar (Tabell 5) ved utgangen av 2019, samanlikna med regionalt mål og gjennomsnittet i Helse Vest.

**Tabell 5: Status for nokre sentrale kvalitetsindikatorar ved utgangen av 2019.**

Kort status for desember 2019	Regionalt mål	Helse Vest		Helse Bergen HF	
		November 2019	Desember 2019	November 2019	Desember 2019
DRG aktivitet hittil i år - % avvik målt mot i fjar	1,5 %			2,7 %	2,7 %
Gjennomsnitt ventetid behandla somatikk	56	63	61	64	63
Gjennomsnitt ventetid behandla BUP	35	32	31	29	26
Gjennomsnitt ventetid behandla PHV	40	37	38	38	41
Gjennomsnitt ventetid behandla TSB	30	24	28	30	23
Fristbrot behandla pasientar	0 %	3,0 %	3,0 %	2,0 %	3,0 %
Prosentdel korridorpasientar	0 %	1,2 %	1,3 %	0,8 %	0,4 %
Epikrisetid psykisk helsevern	100 %	87 %		93 %	92 %
Epikrisetid somatikk	100 %	87 %		81 %	87 %

Resultat for desember i høgre kolonne:



Resultat for november i venstre kolonne:




## Bemanning og kompetanse

Verksemda i sjukehuset er arbeidsintensiv og ein stor del av den totale ressursinnsatsen er knytt til dei tilsette. I alt føretaket leverer er det dei tilsette sin innsats og kompetanse som er den viktigaste føresetnaden for gode og effektive spesialisthelsetenester.

Talet på tilsette (Figur 2) har ikkje endra seg vesentleg dei siste åra. Det går til ei kvar tid føre seg omstilling i delar av verksemda, men eventuell endring i bemanning blir då stort sett løyst ved turnover og behov for tilsette andre stadar i verksemda. I 2019 kom det til om lag 200 nye tilsette i samband med over overtakinga av verksemda til Stiftelsen Bergensklinikken. Bemanningssenteret, som formidlar vikartenester til resten av verksemda frå ei gruppe fast tilsette, er med på å skape stabilitet i bemanninga.

**Figur 2: Utvikling i tal tilsette og netto månadsverk for åra 2015-2019.**





Helse Bergen HF er ei kompetanseverksemد, med høge krav til å halde ved like og vidareutvikle denne kompetansen. Styret ser det som ei prioritert oppgåve å leggje til rette for at dette er mogleg.

Det blir gjennomført betydeleg intern opplæring og etterutdanning av medarbeidrarar i sjukehuset. I 2019 vart det gjennomført e-læringskurs og klasseromskurs (inkl. praktisk brannvern) i Helse Bergen. Flest gjennomføringer av e-læringskurs vart registrert for dei obligatoriske kursa «Smittevern», «Handhygiene» og «Brannvern teori» .

Ferdigheitscenteret på sjukehuset er ein viktig arena for trening i praktiske ferdigheter, simulering og teamtrening. Område med særleg høg merksemd har mellom anna vore kommunikasjonskurset 4 gode vaner, utdanning av fleire fasilitatorar og kurs for legar i spesialisering innan kirurgiske fag. I tillegg har opplæring i medisinsk utstyr for helsepersonell framleis hatt prioritet.

Utviklinga med redusert tal på søkjarar til stillingar for offentleg godkjende sjukepleiarar har halde fram i 2019. Framskrivningar ved bruk av Nasjonal bemanningsmodell viste i 2018 at sjukehuset vil mangle 756 netto månadsverk i 2035 dersom vi rekrutterer 50% av alle som tek si utdanning i Bergen. Nye berekningar i 2019 viser at forventa mangel er enda høgare enn tidlegare rapportert, og føretaket vil difor ha særleg merksemd på denne utviklinga i tida framover.

Helse Bergen har over lang tid hatt ei nedgang i talet på helsefagarbeidrarar (inkludert hjelpe- og barnepleiarar) samtidig som andelen sjukepleiarar (inkludert spesialsjukepleiarar) har auka (figur 3 og figur 4).

**Figur 3: Endring i tal og netto månadsverk for sjukepleiarar 2014-2019, Helse Bergen.**

**Figur 4: Endring i tal og netto månadsverk for helsefagarbeidarar 2014-2019, Helse Bergen.**


På grunnlag av dette har sjukehuset i 2019 vedteke å auke talet på helsefagarbeidarar frå 8% til 16% i perioden 2020-2025. For å lukkast med dette vil det bli gjort ei rekke tiltak, blant anna auke inntak av eigne helsefaglærlingar og legge til rette for karriereutvikling for helsefagarbeidarar i sjukehuset.

Som tidlegare år er det mangel på intensivsjukepleiarar, og det er fortsatt utfordrande å rekruttere tilstrekkeleg søkerar til utdanningsstillingar (stipend) innan dette fagområdet. Sjukehuset har i 2019 vidareført eit standardisert internt opplæringsprogram for å styrke overvakingskompetanse for sjukepleiarar utan vidareutdanning i intensiv eller anestesi (OK-programmet). Tilbodet er for sjukepleiarar som skal handtere komplekse pasientsituasjonar og avansert teknologi ved intermediære einingar. Omkring 150 sjukepleiarar har gjennomført opplæringa sidan 2015.

### **Del heile og faste stillingar**

Helse Bergen arbeider målretta for å auke talet på tilsette som har heile, faste stillingar. Delen faste stillingar har dei siste åra auka jamt, medan delen mellombelte stillingar har gått ned. Gjennomsnittleg stillingsstørrelse i helseføretaket har dei siste åra auka frå om lag 65 til 70 prosent. Helse Bergen har eigen prosedyre knytt til utlysing av ledige stillingar, slik at føretaket i hovudsak lyser ut heile, faste stillingar for alle yrkesgrupper.

### **Forsking og innovasjon**

Den primære målsettinga med forskings- og innovasjonsaktiviteten ved regionsjukhuset er å styrke helsetenestetilbodet til befolkninga. Forskingsaktiviteten er derfor særleg retta mot klinisk forsking generelt og kliniske behandlingsstudiar spesielt. Legemiddelutprøving, presisjonsmedisin og bruk av kunstig intelligens er eksemplar på forskingsaktivitet som er sentral for utvikling og forbetring av kvaliteten på pasientbehandlinga ved sjukehuset. Auka samhandlinga mellom regionsjukhuset, akademia og næringslivet er viktig for å styrke forskings- og innovasjonsaktiviteten.

Oversikten under (tabell 6) viser nøkkeltal for forskingsresultat og ressursbruk i 2019 samanlikna med tidlegare år. Endringar i det nasjonale målesystemet kan forklare noko av variasjonen i resultata. Tala viser ein stabil aktivitet med normale svingingar frå år til år.

**Tabell 6: Nøkkeltal for forskingsresultat og ressursbruk for åra 2015-2019.**

Tal i millionar kroner	2019	2018	2017	2016	2015
<b>Øyremerkte tilskot frå eigar til forsking</b>	146	144	142	145	128
<b>Eksterne midlar til forsking</b>	80	85	62	50	42
<b>Basisramme til forsking</b>	320	274	312	350	299
<b>Sum kostnader til forsking</b>	546	503	515	545	469
<hr/>					
<b>Talet på fullførte doktorgrader</b>	50	49	40	46	59
<b>Talet på publiserte artiklar</b>	792*	788	753	675	691
<b>Talet på årsverk nytt til forsking</b>	355	327	363	343	351

\*Prognose, endelige tal er først klare etter 1. april.

Universitetet i Bergen (UiB) er regionsjukehuset sin største samarbeidspartner innan forsking og innovasjon. I 2019 opna dei to institusjonane i samarbeid to nye eksternt finansierte forskingssentre ved sjukehuset; *Neuro-SysMed* med merksemd på kliniske behandlingsstudiar av nevrologiske lidningar og *Bergen Plastisitetssenter* (B4DT) med merksemd på behandling av angst/tvangslidningar (OCD). Begge sentra er viktige nytableringar som bidrar til å oppfylle regionssjukehuset sitt mål om å tilby ny behandling gjennom klinisk forsking. *Mohn Visualiseringscenter* er eit tredje forskingssenter ved regionsjukehuset. Regionsjukehuset samarbeider med fleire andre institusjonar både nasjonalt og internasjonalt innan forsking.

Det er tydlege nasjonale føringar på at forsking i større grad bør utviklast i nært samarbeid mellom sjukehus og aktørar i næringslivet. Som eit ledd i dette utførar regionsjukehuset kliniske behandlingsstudiar på oppdrag frå næringslivet. Regionsjukehuset har fleire utprøvingseiningar som er sentrale for å gjennomføre tidleg fase studiar på voksne og barn. I 2019 hadde sjukehuset i alt 112 aktive, kliniske oppdragsforskningsstudiar, og det blei ytterligare inngått 25 nye kontraktar med næringslivet i løpet av året.

Forsking blir i aukande grad vurdert etter i kor stor grad resultata vil kunne føre innovasjon; til endring i praksis, til ny og betre pasientbehandling, til planer for implementering, og korleis ideane kan setjast ut i livet. Regionsjukehuset har gjennom dei siste åra derfor auka satsinga på innovasjon og samarbeid med næringslivet. Dette er ein oppfølging av Regjeringa sin HelseOmsorg21-handlingsplan.

Gjennom føretakets eigarskap i teknologioverføringselskapet, Vestlandets Innovasjonsselskap AS, vart det arbeid med 47 innovasjonsprosjekt i ulike kommersialiseringfasar i 2019. I tillegg har sjukehuset stor merksemd på tenesteinnovasjon – der målet ikkje alltid er eit kommersielt produkt, men nye eller betra tenester for

pasientane. Innovasjonsprosjekta famnar fagleg bredt. Bruk av internettbasert behandling innan psykisk helsevern og utvikling av medisinsk inkubator er døme på innovasjonsprosjekt ved regionsjukehuset.

Kontinuerlig forbetring gjennom bruk av data frå kvalitetsregistra er eit viktig mål. Regionsjukehuset har gjennom fleire år satsa på oppretting og utvikling av nasjonale kvalitetsregistre. I alt 16 nasjonale kvalitetsregister er lokalisert ved sjukehuset, i tillegg til regionale og lokale registre.

## **Utdanning**

Universitet i Bergen (UiB) , Høgskulen på Vestlandet (HVL) og VID vitenskapelige høgskole samt Hordaland fylkeskommune og Fagskolen i Hordaland, er viktige og gode samarbeidspartar for sjukehuset når det gjeld utdanning.

Ny overordna samarbeidsavtale om forsking, innovasjon og utdanning mellom HVL og sjukehuset vart signert oktober 2019. Arbeid med utdanningsavtalar med HVL og VID er planlagt ferdig innan mai 2020. Frå sjukehuset har det blitt sendt inn omfattande høyringsfråsegn til dei nye nasjonale retningslinjene for helse- og sosialfaglege utdanninger (RETHOS del 1 og 2). Fagmiljø ved sjukehuset har delteke i utarbeiding av nye studieplanar ved både HVL og VID.

I 2019 vart det registrert 1778 studentar på bachelorstudiar og 1687 på masterstudiar (inkludert profesjonsstudiet i medisin) i Helse Bergen. Dette er omlag på same nivå som for 2019 (liten auke på bachelor og ein nedgang på master). Tabell 7 visar tal studentar i praksis ved sjukehuset for dei største studentgruppene.

**Tabell 7: Tal studentar i praksis for dei største studentgruppene.**

Type studentar	Tall 2019
Medisin (inkl. forskarlinje og særplassar)	1127
Sjukepleie	1157
Spesialsjukepleie	280
Bioingeniør	143
Radiografi	124

Oversikten under (tabell 8) viser tal for andre utdanningsløp i 2019, det vil seie tilsette på sjukehuset som er under spesialisering.

**Tabell 8: Tal på tilsette i sjukehuset som er under spesialisering.**

Type	Tal 2019
Legar i spesialisering (LIS 2/3)	592
Turnusplassar legar (LIS 1)	57
Turnusplassar fysioterapeuter	9
Lærlingar	121

Sjukehuset hadde i 2019 lærlingar innan 10 lærefag. Dei største gruppene er helsefag- og ambulansefaglærlingar, respektive 64 (inklusiv samarbeidslærlingar med kommunar) og 33 lærlingar. Helse Bergen planlegg å auke talet på egne tilsette helsefaglærlingar.

Helse Bergen HF er tildelt Regionalt Utdanningssenter for legar (RegUt) i Helse Vest. Senteret har vore i full drift i 2019 og har koordinert arbeidet med ny spesialistutdanning for legar (LIS 2 og 3) i Helse Vest.

## Opplæring av pasientar og pårørande

Å trekke inn erfaringsbasert kunnskap og den erfaringa som brukarorganisasjonane har, er sentralt for å få gode og relevante opplæringstilbod for pasientar og pårørande. Det meste av opplæringa av pasientar og pårørande i sjukehuset skjer ved dei ulike kliniske einingane.

Lærings- og mestringssenteret i Bergen (LMS-Bergen) er eit samarbeid mellom Haukeland universitetssjukehus og Haraldsplass Diakonale Sykehus. Ved LMS har det i 2019 blitt gjennomført til saman 176 gruppebaserte kurs for pasientar og pårørande knytt til både somatikk og psykiatri.

LMS-Bergen har eit tett samarbeid med brukarutvala ved sjukehusa og ulike brukarorganisasjonar. LMS-Bergen har motivert pasient- og brukarorganisasjonar til å låne deira lokale på ettermiddag og kveldstid for å drifte diverse sjølvhjelpsgrupper. I 2019 vart det arrangert 703 slike tilstellingar på lærings- og mestringssenteret. Dette er ei auke på 17% samanlikna med 2018.

Vardesenteret, som er eit samarbeid mellom Haukeland universitetssjukehus og Kreftforeningen, er eit lågterskeltilbod til pasientar med kreft og deira pårørande. I 2019 hadde Vardesenteret totalt 16 098 møte med pasientar, pårørande, helsepersonell og andre. Psykolog, klinisk ernæringsfysiolog og familieterapeut gjennomførte 719 samtalar, dette er ein auke på over 20 % frå 2018.

## Arbeidsmiljø

### Årleg kartlegging

Alle einingane i Helse Bergen HF kartlegg årleg arbeidsmiljø, helse, miljø og sikkerheit (HMS) og pasienttryggleikskultur, gjennom den nasjonale ForBedringsundersøkinga. Helse Bergen oppnådde ein svarprosent på 75. Einingane skal deretter vurdere risiko, og utarbeide handlingsplanar med målretta tiltak.


### HMS-opplæring

Helse Bergen HF har i 2019 arrangert 3 verneombodskurs, og 2 leiarkurs innan HMS. I tillegg blir det gjennomført internopplæring i einingane på førespurnad. Dette kan vere innan risikovurdering av ulike tema som til dømes vald og trugslar om vald, uønskte hendingar, forflytningsteknikk, systematisk sjukefraværsoppfølging med meir.


### Uønskte hendingar innan HMS

Uønskte hendingar med og utan konsekvens (avvik, til dømes hendingar med skade på arbeidstakrar og nesten-uhell), blir melde og følgde opp i det elektroniske avvikssystemet Synergi. Rapportar over uønskte hendingar blir behandla i dei lokale arbeidsmiljøutvala (AMU) og i føretakets arbeidsmiljøutval (FAMU). I 2019 blei det meldt 3442 uønskte hendingar innan HMS (figur 5). Av desse er 2186 meldingar knytt til skadar på tilsette. Den største delen av meldte HMS-hendingar er innan vald og truslar om vald (Figur 6), med 1614 meldingar. Av desse er 819 valdsskadar, medan 795 er truslar.

**Figur 5: Tal på meldte uønskte hendingar for åra 2017-2019.\***



**Figur 6: Tal på meldte HMS-hendingar er innan vald og truslar om vald for åra 2017-2019.\***



\* Løpende sakshandsaming av HMS-saker og endring av søkeparameter i Synergi kan gje noko ulike tal for 2017 og 2018 samanlikna med det som vart presentert i årsmeldinga for 2018.

#### Sjukefråvær og systematisk sjukefråværsoppfølging


Det totale sjukefråværet (tabell 9) i føretaket er stabilt, og snittet for dei siste 6 åra er 7,4 %.

**Tabell 9: Utvikling i totalt sjukefråvær for åra 2014-2019**

År	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Sjukefråvær i %	7,1	7,7	7,5	7,4	7,4	7,5

Sjukefråværet i føretaket følgjer sesongvariasjonar med høgaste sjukefråvær om vinteren og eit lågare sjukefråvær i sommarmånadane. Det totale sjukefråværet for Helse Bergen i 2019 er 7,5 %. Ser ein på kort- og langtidsfråværet for 2019 (figur 7), er det nokså jamt fordelt med 3,7 % korttids- og 3,7 % langtidsfråvær.

**Figur 7: Utvikling i kort- og langtidssjukefråvær for åra 2016-2019.**



Helse Bergen HF har eit innarbeidd system for oppfølging av medarbeidrarar som er sjukemelde, eller som står i fare for å bli sjukemelde. Helseføretaket legg særleg vekt på tilrettelegging for gravide medarbeidrarar som står i fare for å bli sjukemelde. Helse Bergen HF har eiga jobbjordmor som deltar i dialogen mellom den gravide og leiaren (trekantsamtalar).


#### Etterleving av lov- og avtaleverk om arbeidstid

Einingane i føretaket rapporterer jamleg på tiltak knytt til etterleving av lov- og avtaleverk om arbeidstid, og dette blir følgt opp i AMU-møter og i FAMU (figur 8).

Dei vanlegaste årsakene til brot på reglar for arbeidstid er:

- Akutt mangel på naudsynt kompetanse
- Akutt sjukdom
- Akutt endring i aktivitet
- Byte av vakter

**Figur 8: Talet på brot på reglar for arbeidstid, og korleis desse fordeler seg per netto månadsverk – per månad for åra 2016-2019.**



Dei tre viktigaste typane brot på arbeidstidsreglane gjeld maksimum timetal per dag, talet på søndagar på rad og vekefri. Den prosentvise fordelinga av dei tre typane brot er relativt stabil per år, der vekefri utgjer den største delen.

### Overvaking av systematisk HMS-arbeid

Det vert nytta ulike verktøy for å overvake det systematiske HMS-arbeidet, for å sikre at det fungerer etter hensikta.

- *Årsrapport for HMS*

Nivå 2-einingane utarbeider årleg HMS-årsrapport, som viser HMS-aktiviteten i einingane, og desse blir handsama i lokale AMU. FAMU handsamar ein årleg oppsummert rapport om det systematiske HMS-arbeidet for alle einingar i føretaket.

- *Interne systemrevisjonar*

I 2019 vart det gjennomført 9 interne systemrevisjonar med emne innan HMS. Føretaket har samordna revisjonar mellom HMS og pasienttryggleik for å sikre felles forbetring og læring. Føretaksleiringa har vedteke revisjonsplan for 2018–2021.

- *Leiinga sin gjennomgang*

I 2019 vart Leiinga sin gjennomgang for første gong gjennomført for styringssistema på nivå 1 i føretaket. For å gjennomføre dette, vart det nedsett ei arbeidsgruppe med deltagarar frå Forskins- og utviklingsavdelinga, Personal- og organisasjonsavdelinga, Økonomi- og finansavdelinga og Føretakssekretariatet. Eitt av områda som vart gjennomgått var HMS/arbeidsmiljø.

## Likestilling

Helse Bergen arbeider aktivt for å fremje likestilling og hindre diskriminering i samsvar med gjeldande lov- og avtaleverk, samt dei mål og forventningar eigar har til helseføretaket som ansvarleg verksemdu. Likestilling inngår både i strategisk arbeid, dagleg drift, utviklingsarbeid og i lønns- og personalpolitikken, og er mellom anna tema i føretaket sine retningsliner for rekruttering, likelønn, tilrettelegging og individorientert livsfase- og seniorpolitikk.

I samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane arbeider Helse Bergen målretta for å auke talet på tilsette som har heile, faste stillingar (sjå ovanfor under Bemanning og kompetanse).

Som del av førebuingane til lønnsoppgjeret, samarbeider ein årleg om ein gjennomgang av lønn med tanke på å avdekkje skilnader i lønn mellom kjønna. I 2019 er det ikkje funne systematiske skilnader. Dersom det blir funne enkeltilfelle, blir dette følgt opp i lønnsoppgjeret i samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane.

Eit av måla er å fremje betre kjønnsbalanse i stillingar på alle nivå i føretaket. Pr. desember 2019 var det 12 858 tilsette i Helse Bergen, 74 prosent kvinner og 26 prosent menn. Av 498 leiarar i føretaket (per 20.02.2020) er 68 prosent kvinner og 32 prosent menn. Av 30 nivå 2-leiarar (dei som rapporterer direkte til administrerande direktør) er 47 prosent kvinner og 53 prosent menn. I helseføretaket sitt styre sat det i 2019 6 kvinner og 5 menn.

## Mangfold og likeverdig behandling

Helse Bergen arbeider med mål og tiltak for å fremje auka relevant mangfold. Helseføretaket skal så langt som mogeleg spegle mangfaldet i samfunnet på ein god måte i møte med pasientar og pårørande. Det er derfor eit personalpolitisk mål å mellom anna oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetnad, og å rekruttere kvalifiserte personar med innvandrarbakgrunn.

Tiltak som skal sikre søkerar likeverdig behandling, og hindre diskriminering på grunnlag av kjønn, etnisk opphav, funksjonshemminger og anna er til dømes masserekruttering, kvalifisert rettleiing i rekrutteringsprosessane og felles elektronisk rekrutteringsverktøy. Leiarar som har rekrutteringsfullmakt blir kursa i dei ulike fasane av rekrutteringsprosessen. Likeverd og forbod mot diskriminering uavhengig av kjøn, etnisk opphav, funksjonshemminger og anna er ein naturleg del av desse kursa.

Målet har vore å ha mellom 6 og 10 prosent tilsette med innvandrarbakgrunn, fordelt om lag likt mellom vestlege og ikkje-vestlege innvandrarar. Rapport frå SSB viser at det i 2019 har

vore totalt 15,6 prosent tilsette med innvandrarbakgrunn i Helse Bergen - 6,7 prosent vestlege og 8,9 prosent ikkje-vestlege.

## Miljø

Miljøstyringssystemet skal sikre at miljøomsyn kjem inn i dei daglege rutinane og på denne måten minimere miljøpåverknaden frå sjukehusdrifta.

Ein viktig del av miljøstyringssystemet er å identifisere dei sidene av sjukehusdrifta som i vesentleg grad påverkar naturen. Denne kartlegginga gir, saman med klimagassrekneskapen for sjukehuset, grunnlaget for utforminga av miljøpolitikken, miljømåla og handlingsplanane for føretaket.

Med utspring i kartlegginga har Helse Bergen HF fire overordna miljømål på føretaksnivå:

- Ha miljøbevisste medarbeidarar
- Redusere utslepp av miljøskadelege stoff til jord, luft og vatn
- Redusere klima- og miljøpåverknaden frå innkjøp
- Redusere forbruket av naturressursar

Miljømåla har tilhøyrande miljøindikatorar som gjer at vi kan overvake utviklinga av sjukehuset sin miljøprestasjon. Helse Bergen har ein miljøhandlingsplan som er særleg retta mot dei store aktivitetane som påverkar heile sjukehuset sin miljøprestasjon.

Klimagassrekneskapen for sjukehuset viser at anskaffingar gir dei største klimagassutsleppa, og desse utsleppa står for om lag 80 % av sjukehuset sitt klimautslepp. Difor er det viktig med eit godt samarbeid med Sykehusinnkjøp HF. I 2019 gjennomførte Helse Bergen, Helse Stavanger og Sjukehusapoteka Vest, revisjon av Sykehusinnkjøp HF divisjon vest, med samarbeidsavtalene som revisjonsgrunnlag, og med fokusområde ytre miljø. Andre viktige miljøtiltak i Helse Bergen er reduksjon av det totale energiforbruket, reduksjon av matsvinn, sikre at bilparken i føretaket er fossilfri og få fleire medarbeidarar til å sykle til jobben.

Helse Bergen har årleg ekstern miljørevisjon etter ISO 14001:2015-standarden. Ekstern miljørevisjon framhevar at sjukehuset har høg merksemd på miljø og har mange planar, mål og tiltak. Vidare peikar revisjonen mot forbeteringar omkring tettare oppfølging og kopling mellom ytre miljø og kjerneaktivitetane, og generell oppfølging av uønskte hendingar.

## Tilsyn

Det har gått føre seg omlag 27 systemtilsyn frå myndeorgan i 2019. Dei aller fleste vart satt i gang rutinemessige av tilsynsorgana sjølv, medan nokre få hadde utgangspunkt i enkelthendingar og bekymringsmeldingar.

Nokre av dei sentrale tilsyna har vore:

- Arbeidstilsynet har ført tilsyn med HMS-arbeidet i ambulansetenesta, og arbeidsmiljøet hos Kvinneklinikken og Psykiatrisk klinikk.
- Bergen kommune har hatt pågående tilsyn med inne- og utemiljøet i barnehagane i føretaket, og med førebygging av legionellasmitte frå kjøletårn.
- Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap undersøkte tryggleiken ved bruk av medisinsk-teknisk utstyr særleg knytt til dialyse.
- Fylkesmannen hadde tilsyn med behandling av sepsispasientar ved Voss sjukehus.
- Det er òg gjennomført tilsyn med korleis føretaket handterer utlokaliserte pasientar, som del at eit nasjonalt tilsyn i regi av Helsetilsynet.
- Mattilsynet førte tilsyn med mathandtering ved postkjøkken ved Haukeland sjukehus, og med internkontrollrutinar knytt til mat ved Voss sjukehus.
- Sivilombodsmannen har gjennomført ei undersøking i Divisjon psykisk helsevern om førebygging av tortur og annan grufull, umenneskeleg eller nedverdigande behandling.
- Statens legemiddelverk har ført tilsyn med PET-senteret, Radiologisk avdeling, om tilverking av legemiddel.
- Voss kommune har innhenta eigenmelding for branntilsyn frå Voss sjukehus
- Riksrevisjonen har innhenta dokumentasjon til forvaltningsrevisjonar retta mot departementet, om bemanningsutfordringar for sjukepleiarar, årsaker til uønskt variasjon i forbruk av spesialisthelsetenester, og om behandlinga til ungdom mellom 12 og 18 år med samtidig psykisk liding og rusliding.

Eit dødsfall i Akuttmottaket den 15. oktober 2018 førte til betydeleg tilsynsmessig oppfølging som gjekk føre seg 2019. Fylkesmannen konkluderte med at pasienttryggleiken i Akuttmottak ikkje hadde vore forsvarleg. Hendinga vart også etterforska av politiet og Statsadvokaten i Hordaland ila i november Helse Bergen ei føretaksstraff på 1,5 millionar kroner.

Åtte tilsynssaker er avslutta i løpet av 2019. Mange tilsyn vert ikkje avslutta innanfor eit kalenderår, og nokre er så omfattande at dei strekkjer seg over meir enn eit år. Nokre få tilsyn vert lukka utan avvik eller merknader. I dei fleste sakene vert det peika på forhold som kan gjerast betre. Helse Bergen har følgt opp alle pålegg som vert gitt av tilsynsorgana i rett tid.

Det er gjennomført internrevisjon ved 6 nivå 2- einingar i Helse Bergen HF, og ein samarbeidsrevisjon mellom Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest RHF på Sjukehusinnkjøp Divisjon Vest.

Revisjonsarbeid har vært nyttig både for heile organisasjonen for å peike på systemforbetringar og har vært ein av kjeldene i Leiinga sin gjennomgang 2019. På den måten har en sikra at viktige forbetingstiltak på systemnivå vert følgt opp.

## **Brukarmedverknad**

Helse Bergen har i fleire år hatt eit aktivt brukarutval. Det er lagt til rette for å sikre brukarmedverknad i forsking, prosjekt- og anna utviklingsarbeid samt i faste arenaer som mellom anna kvalitets- og pasienttryggleiksutval. Det er vedteke at talet på representantar i Brukarutvalet i Helse Bergen vart auka frå ti til elleve for å oppnå større grad av likeverd. Den nye representanten skulle være frå Innvandrerådet Vestland og er på plass. Leiar og nestleiar i Brukarutvalet deltek på alle styremøte, med talerett.

Det er i 2019 sett i gang eit prosjekt for utvikling av brukarmedverknad. Målet er at vi skal bli enda betre på brukarmedverknad i føretaket, gjennom å kartlegge korleis vi gjer brukarmedverknad i dag, kva vi manglar, og foreslå tiltak til kva med må endre. Blant anna må det bli klarare kven ein skal kontakte ved behov for brukarmedverknad, og føretaket treng opplæring i kva brukarmedverknad er på ulike nivå. Prosjektet er planlagt ferdigstilt sommaren 2020.

I psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) er erfaringspanel og medarbeidarar med brukarfaring (erfaringskonsulentar) viktige for å få pasientperspektivet inn i utviklinga og gjennomføringa av tilbodet. Kvinneklinikken har i 2019 starta opp sitt eige Brukarpanel. Panelet skal være eit supplement til eksisterande brukarinvolvering (blant anna organisert gjennom Helse Bergens brukarutval). Panelet skal være med å bidra til at klinikkens oppgåver blir løyst på best mogleg vis, til det beste for pasientar, pårørande og medarbeidarar.

Ungdomsrådet er viktig medspelar i forbetringa av sjukehuset. Rådet hadde i 2019 tolv medlemmer. Det er eit siktemål at Ungdomsrådet skal ha ein mest mogleg jamm aldersfordeling, samt å spegle samansetnaden av unge pasientar i helseføretaket.

## Samhandling med kommunane

Helse Bergen har over år hatt eit godt samarbeid med kommunane. I 2019 vart Seksjon for samhandling etablert og seksjon og utvida samhandlingsteam har arbeidd aktivt med å følgje opp lokale, regionale og nasjonale oppgåver. Seksjonen har gjort grep for å være synleg og tilgjengeleg for tilsette og leiing internt i sjukehuset. I tillegg har seksjonen arbeidd for å markere seg som ein tydeleg adresse for eksterne samarbeidspartar.

Med eit mål om å bli enda betre i samhandling, gjekk kommunane og helseføretaket i regionen i 2019 saman om eit vedtak om å utarbeide ein felles utviklingsplan. Felles utviklingsplan skal peike ut ønska utvikling/retning for samhandling og kva tiltak som er nødvendige for å møte framtidas utfordringar og behov for samarbeid. Planen skal ta omsyn til de nasjonale føringane som ligg i Nasjonal helse og sjukehusplan for 2020-2023. Herunder mellom anna både etablering av helsefellesskap og ei auka styrking av det «utad vendte sjukehuset».

Planarbeidet skal gjennomførast på ein måte som sikrar god brukarinvolvering og brei involvering og forankring i både kommunar, spesialisthelsetenesta og andre relevante offentlege og private/ideelle aktørar. Arbeidet med planen vil vere slutført i 2020.

## Beredskap

Helse Bergen er ein av dei største beredskapsaktørane på Vestlandet. Sjukehuset har beredskapsplanar som omfattar system for å førebyggje, oppdage og varsle hendingar. Det er etablert system og planar for effektiv ressursdisponering når det skjer hendingar (tabell 10) som utløyser beredskap i sjukehuset.

Kvar beredskapshending blir evaluert og følgt opp med justering av planverk og tiltak. Helse Bergen HF har gjennom fleire år hatt merksemeld på kritisk infrastruktur som til dømes straum og IKT, mellom anna med ROS-analysar. I 2019 har vi styrka arbeidet med beredskap i føretaket gjennom etablering av eit kjerneteam med ressurspersonar frå mange kliniske einingar.

**Tabell 10: Oversikt over beredskapshendingar i 2019.**

IKT relatert hending	7
Andre hendingar	6
<b>SUM</b>	<b>13</b>

Den mest omfattande beredskapshendinga i 2019 var knytt til det vannbårne utbrotet av Campylobacter på Askøy. Sjukehuset var raskt ute med å gjennomføre naudsynte analysar og det vart gjort grep for å sikre tilstrekkeleg med kapasitet. Hendinga vart løyst i tett samarbeid med Askøy kommune.

Elles viser oversikta over at IKT er ei hyppig årsak til at det vert utløyst beredskap i sjukehuset. Eit døme i 2019 var heilt og delvis bortfall av IKT den 27. mars, etter at feil under oppdatering av lagringsløysing førte til at fleire system måtte bli starta på nytt. Store deler av systemporteføljen, inkludert dei pasientadministrative systema, vart råka.

## **Internasjonalt arbeid**

Det vart i 2019 tildelt 9 millionar kronar frå Helse Bergen til det internasjonale arbeidet. Meir enn 30 einingar ved sjukehuset fekk tildelt pengar frå desse midlane, som gjekk til kompetanseheving og volumtrening for eigne tilsette i dei ulike samarbeidsinstitusjonane:

- Christian Medical College (CMC), Vellore, India
- Black Lion Hospital (BLH), Addis Abeba, Etiopia
- Kamuzu Central Hospital (KCH), Lilongwe, Malawi
- Mnazi Mmoja Hospital (MMH)/ Kidongo Chekundu Mental Hospital (KCH), Zanzibar,
- Dr. George Mukhari Academic Hospital, DGMAH, Pretoria, Sør Afrika

Midla frå Helse Bergen vart og brukt til å dekke deler av lønna til utstasjonerte medarbeidarar på NOREC utvekslingsprogram, bustad for utstasjonerte med vidare. Budsjettet for eksterne midlar i 2019 var 27 millionar kronar.

Helse Bergen er involvert i to byggeprosjekt internasjonalt:

Bygging av nytt mentalsjukehus ved MMH i partnarskap med MoH, Zanzibar

Bygging av nytt traumesenter LION/KCH, Malawi:

I begge prosjekta bidrar Helse Bergen med koordinering og faglege innspel gjennom leiing og deltaking i prosjektgruppene. Prosjekta er eksternt finansiert.

## **Utvikling av infrastruktur**

Føretaket hold fram med å byggje Barne- og ungdomssjukehuset, som skal samle alle tilbod til barn og ungdom under 18 år innanfor somatikk og psykisk helsevern. Byggjetrinn II vart starta i 2018 og skal innehalde dei somatiske funksjonane for barn og unge, samt

fødselsomsorga og den gynekologisk verksemda frå Kvinneklinikken. Byggjesteg 2 skal stå klar til innflytting etter sommaren 2023.

Stortinget vedtok i statsbudsjettet for 2018 at det skal etablerast protoncenter i både Bergen og Oslo. Det vart gjort vedtak om fullfinansiering av protoncenteret på Haukeland med 30% tilskot og 70% lånefinansiering. Styret ved Helse Bergen vedtok i mai 2019 skisseprosjektet for protoncenteret ved Haukeland universitetssjukehus. Forprosjektet er under ferdigstilling. Det blir i det vidare arbeidet lagt opp til tett samarbeid mellom Oslo universitetssykehus (OUS) og Helse Bergen. Senteret i Bergen skal etter planen stå ferdig i 2024.

Andre viktige initiativ for utvikling av infrastrukturen i føretaket er ombygging og utvikling av Sentralblokka (traumesenter, brannskadeintensiv og utvikling av poliklinikkavdeling). Det første prosjektet som kommer i gang i Sentralblokka vil vere første byggetrinn i ny poliklinikkeinig, med forventa byggestart i 2021. I løpet av våren 2020 vil det bli lagt fram ei konseptrapport knytt til utviklinga av areala til Rehabiliteringsklinikken på Nordås. Ny sentralisert vaske- og sterilhall vert lagt fram til endeleg vedtak på forprosjektnivå våren 2020.

I løpet av 2020 vil det også bli lagt fram ein revidert bygningsmessig utviklingsplan som med utgangspunkt i utviklingsplanen til føretaket, skal beskrive dei viktigaste infrastrukturprosjekta framover.

## Selskap Helse Bergen har eigardelar i

Ved utgangen av 2019 har Helse Bergen eigardelar i følgjande selskap:

- **VIS AS – Helse Bergen eig 33,43%**

Selskapet si verksemde er mellom anna å forestå forvaltning og kommersialisering av immaterielle rettigheter og idear knytt til forskingsresultat og forskingsprosesser.

- **Innovest AS – Helse Bergen eig 50%**

Innovest AS har vore gjennom omstillingsfase der delar av verksemda vart overført til Helse Bergen (monitorering) og delar av verksemda vart overført til Bergen Teknologioverføring (no VIS AS) (innovasjon) i 2014. Verksemda knytt til kliniske studier vart i all hovudsak overført til Bergen Teknologioverføring AS (no VIS AS) sommaren 2016, gjennom overdraging av verksemde etter AML kap 16. Resterende aktivitetar vil bli sluttført og avvikla.

- **Kommunal Landspensjonskasse KLP – Helse Bergen eig 3,1%**

KLP er Noregs største pensjonsselskap og forvaltar pensjonsmidlane til tilsette i kommunar, fylkeskommunar, bedrifter og helseføretak. Forvaltningskapitalen er 745 milliardar kronar og selskapet har rundt 1000 tilsette. Helse Bergen er største eigar og tilsvrarar 512,9 millioner.

- **Helse Bergen Eiendom AS (tidlegare Bergensklinikken Eiendom AS) – Helse Bergen eig 100%**

Selskapet eig eigedom på Sotra som Helse Bergen HF leigar.

- **Korus Vest Bergen AS – Helse Bergen eig 100%**

Selskapet er under avvikling. Det er ingen aktivitet i selskapet.

.

## Rekneskapen

### Resultatutvikling

(tala i parentes er for 2018)

Rekneskapsåret 2019 er det 18 driftsåret til Helse Bergen HF. Føretaket får midlar frå staten, dels som faste tilskot til drift, beredskap og infrastruktur, og dels som innsatsstyrт finansiering (ISF) basert på prising av utførte tenester. Totale inntekter i 2019 var 12 255 millionar kroner (11 591 millionar kroner), av dette var 4 393 millionar kroner aktivitetsbasert (ISF, med vidare), 6 931 millionar kroner var rammefinansiering og dei resterande 931 millionar kronene var andre inntekter.

Helse Bergen HF fekk eit årsresultat i 2019 på 58,1 millionar kroner. Ut frå eit budsjettert resultat på 120 millionar kroner gir dette eit negativt avvik samanlikna med budsjett på 61,9 millionar kroner. Føretaket har som oppgåve å yte helsetenester innanfor ramma av tildelte ressursar (budsjett).

### Balanse

Netto likviditetsbeholdning per 31.12.2019 var 288 millionar kroner (265 millionar kroner), av dette bundne skattemiddel på 288 millionar kroner. Likviditetsreserven var 31.12.19 på 688 millionar kroner. I tillegg kjem konsernkonto på 508 millionar kroner. Totalkapitalen i føretaket utgjorde 12 248 millionar kroner per 31.12.2019 (11 547 millionar kroner).

Balanseført eigenkapital per 31.12.2019 var 6 172 millionar kroner, eller 50 prosent av totalkapitalen (6 114 millionar kroner og 53 prosent).

Føretaket har lån frå Helse Vest RHF på totalt 3 035 millionar kroner ved utgangen av 2019. Dette er delvis finansiering av investeringar.

### **Anleggsmiddel**

Glasblokkene (tidl. Barne- og ungdomssjukehuset) skal samle alle tilbod til barn og ungdom under 18 år innanfor somatikk og psykisk helsevern. Byggjesteg 1 blei sluttført ved årsskiftet 2016/2017, Byggetrinn 2 skal innehalde dei somatiske funksjonane for barn og unge og samt det meste av aktiviteten frå Kvinneklinikken. Byggjesteg 2 skal stå ferdig i 2023 og har ei kostnadsramme på 3,4 milliarder kroner. Ombygging av Sentralblokka har ei kostnadsramme på 500 millionar kroner.

### **Finansiell stilling**

Føretaket overtok 1.1.2002 driftsrelaterte aktiva og passiva som Hordaland fylkeskommune eigde tidlegare. Eigenkapitaldelen 31.12.2019 er på 50 prosent. Føretaket har i langtidsbudsjettet lagt til grunn overskot på drift for å sikre handtering av dei investeringane som er sette i gang og dei som er planlagde. Tilfredstillande handtering av den finansielle risikoen er lagt til grunn i langtidsbudsjettet.

### **Kontantstraum**

Samla kontantstraum frå drifta i verksemda var på 689 millionar kroner, medan driftsresultatet for Helse Bergen utgjorde 58,1 millionar kroner. Den samla kontantstraumen til investeringar i Helse Bergen HF i 2019, var 1,3 milliardar kroner.

### **Utsiktene til føretaket**

Etterspurnad etter helsetenester aukar, både som resultat av demografiske forhold og nye behandlingstilbod. Verksemda har slik eit godt fundament for framtidig aktivitet, også sett i lys av at gjeldande pasientlovgiving gir pasientane rett til helsehjelp innan gitte fristar. Den økonomiske stillinga til føretaket har utvikla seg positivt også i 2019. Dette, saman med gode utsikter for aktiviteten, gjer at styret kan stadfeste at føresetnaden for framtidig drift er til stades.

Mykje innsats er lagt ned for å innfri dei økonomiske krava, men det er framleis mange utfordringar. Overskot gir føretaket handlingsrom til å utvikle verksemda til det beste for pasientane.

### **Framleis drift**

I tråd med rekneskapslova § 3-3 blir det stadfesta at føresetnaden for framleis drift er lagt til grunn når årsrekneskapen blei avslutta. Til grunn for dette ligg at Staten har gitt 100 prosent driftsgaranti for helseføretaka og at føretaket difor ikkje kan gå konkurs.

Ved inngangen til 2020 er spesialisthelsetenesta prega av førebuing- og beredskapsarbeidet knytt til korona. Ein må forvente eit stort press på tenestene i sjukehusa gjennom 2020 som følge av dette. Det har prioritet å til ei kvar tid gi pasientane god behandling, ha rett og nok bemanning og utstyr og det å leggje til rette for god drift, også i denne krevjande situasjonen. God samhandling med andre deler av tenesta og myndighetene er ein føresetnad. Styret følgjer utviklinga tett og kontinuerleg. Helseføretaka er finansiert av staten og ekstrakostnader i samband med korona blir kartlagt løpende. Spørsmål om ekstra finansiering vil kunne bli eit tema i dialogen med staten seinare. Styret meiner at dette forholdet ikkje er eit problem i høve til ein føresetnad om vidare drift.

Styret si oppfatning er at det ikkje er forhold som ikkje tilseier framleis drift.

#### **Disponering av årsresultatet**

Årsresultatet gav eit overskat på kr 58.083.083 kroner og styret foreslår for føretaksmøtet at dette blir ført med kroner 58.083.083 mot annan eigenkapital.

#### **Bergen 23.03.2020**

---

Svein Gjedrem  
*styreleiar*

---

Signy Midtbø Riisnes  
*nestleiar*

---

Bjørn Østbø

---

Hilde Christiansen

---

Bente Enehaug-Rebnord

---

Rolf Martin Tande

---

Kjeld Zacho Jørgensen

---

Karen-Anne Stordalen

---

Geir Arne Sunde

---

Marianne Sæhle

---

Irene Hopsdal

---

Eivind Hansen  
*administrerande direktør*